



Foto: Scanpix

## FORBODE Å SELJE ISPOSAR MED AMMONIUMNITRAT TIL PRIVATE

Privatpersonar skal ikkje lenger ha tilgang til isposar som inneheld  $\geq 16$  vektprosent nitrogen (N) frå ammoniumnitrat (AN). Dette gjeld også personar som ikkje har behov for slike isposar til bruk i yrket. Dette er eitt av mange tiltak for å hindre at kjemikaliar som kan brukast til å lage bomber, hamnar i urette hender.



Direktoratet for  
samfunnstryggleik  
og beredskap

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Besøksadresse:  
Ramborgveien 9  
Telefon 33 41 25 00  
Telefaks 33 31 06 60  
postmottak@dsb.no  
www.dsb.no



Retur

Direktoratet for  
samfunnstryggleik og beredskap

Postboks 2014  
3103 Tønsberg

Det finst alternativ til ammoniumnitrat som verkestoff i isposar. Bransjen blir oppfordra til å undersøkje marknaden for gode alternativ, som kan erstatta isposar som inneheld ammoniumnitrat. Alle som på ein eller annan måte omset isposar som inneheld  $\geq 16\%$  N frå AN, har ansvar for at desse ikkje blir selde eller delte ut til privatpersonar og andre som ikkje treng det i yrket sitt.

### Produsentar/importørar

Som produsent eller importør må du informere kundane dine om at dei ikkje skal selje desse isposane til privatpersonar og andre som ikkje treng det i yrket sitt. Produsentar og importørar må innføre rutinar for å sikre at krava blir følgde og ammoniumnitrat ikkje kjem på avveggar. Dette gjeld både ved sikring av lager og omsetning.

### Forhandlarar

Du kan ikkje selje isposar som inneheld  $\geq 16\%$  N frå AN til privatpersonar og andre som ikkje treng det i yrket sitt. Har du slike isposar tilgjengeleg for alle, må du fjerne dette tilbudet frå butikklonale, nettbutikk mv. Ta kontakt med leverandør eller produsent dersom du er usikker på nitrogeninnhaldet frå ammoniumnitrat i isposane du sel. Forhandlarar må innføre rutinar for å sikre at krava blir følgde og ammoniumnitrat ikkje kjem på avveggar. Dette gjeld både ved sikring av lager og omsetning.

### Yrkesbrukarar

Det er framleis tillate å omsetje isposar som inneheld  $\geq 16\%$  N frå AN for bruk i yrkessamanheng. Det gjeld til dømes profesjonelle idrettsklubbar, helseinstitusjonar,

fysioterapeutar med fleire. Då må ein likevel ha system og rutinar som hindrar annan bruk av isposane og at privatpersonar ikkje får tilgang til dei. Sidan det i mange tilfelle vil vere vanskeleg for desse brukarane å følgje opp dette kravet, tilrår DSB at isposane blir erstatta med alternative isposar eller andre liknande produkt.

### Bakgrunn

EU har som eit ledd i kampen mot terror vedteke forordning (EF) nr. 552/2009, som legg avgrensing på kven som kan få tilgang til stoff eller stoffblandingar som inneheld  $\geq 16\%$  N frå AN. Gjennom EØS-avtalen og REACH<sup>1</sup> er avgrensinga på omsetning av ammoniumnitrat gjort til ein del av norsk rett 17. november 2011. Det er lagt avgrensingar på sal av isposar som inneheld  $\geq 16$  vektprosent nitrogen (N) frå ammoniumnitrat (AN). Det er forbode å omsetje nemnde stoff til privatpersonar og andre som ikkje treng det i yrket sitt i samsvar med REACH vedlegg XVII punkt 58.

DSB har kartlagt at isposar som er underlagde denne avgrensinga framleis er for sal og tilgjengelege for privatpersonar. Det vil bli utført nye tilsyn, og aktørar som ikkje følgjer regelverket kan bli politimelde og straffeforfølgde.

Les meir på [www.dsb.no/utgangsstoffer\\_for\\_eksplosiver](http://www.dsb.no/utgangsstoffer_for_eksplosiver)

1. Forskrift 30. mai 2008 om registrering, vurdering, godkjenning og begrensninger av kjemikalier (REACH)



Foto: Colourbox

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet. Vi skal vere pådrivar i arbeidet med å førebyggje ulukker, kriser og andre uynskte hendingar. Vi skal syte for god beredskap og effektiv ulukkes- og krisehandtering.

DSB er underlagt Justis- og beredskapsdepartementet.